



Aleksander -Rebaudo - blir han filmprodusent? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Aleksander Rebaudo (17) frå Uskedalen har kome gjennom nålauga til Amandusfestivalen på Lillehammer som ein av 15 søkjarar. Det var rekordmange i år. Han har fått plass i kategorien innspelingsleiar

Dette er ein filmfestival og konkurranse for filminteressert ungdom som blir arrangert kvart år siste veka før påske. Arrangementet er for dei mellom 16 og 23 år og i år er festivalen mellom 9. og 15. april.

Aleksander opplyser til Kvinnheringen at innspelingsleiar er det same som å vera produsent. Han tek seg av alt det praktiske i ei innspeling.

Den allsidige uskedelingen veit enno ikkje om han får ei framtid innan film sjølv om han er interessert i alt som har med filmproduksjon å gjera. Han la ved eit manus som han har skrive då han søkte.

Gjer han det godt nok i Lillehammer, får han vidare opfølging av ein mentor. Aleksander slår fast at uansett korleis det går blir dette ei spennande erfaring.